



Kultur- og sørvistorget  
Anne Dahle Austrheim

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 19/643 - 19/4815

Saksbehandlar:  
Ingrid Didriksen  
ingrid.didriksen@radoy.kommune.no

Dato:  
21.03.2019

## Søknad om idrettsfunksjonell godkjenning - badeplass Nesvatnet

### 1. Behovsoppgåve

#### Informasjon om området

Området ved Nesvatnet er eit friluftsområde som er mykje nytta av lokalbefolkninga, av skular, barnehagar og ungdomsklubben. Området er allereie tilrettelagt med sandvolleyballbane, stupebrett, bål plass, gapahuk, toalett (HC WC) og det er også vedtatt ein universell utforma turveg som skal gå gjennom like ved, noko som vil gjera at området vert endå meir nytta. Delar av denne turvegen er bygd.

#### Informasjon om tiltaket:

Tiltaket omfattar universell tilrettelegging av den offentlege badeplassen ved Nesvatnet. Det skal etablerast ei universelt utforma baderampe for rullestolbrukarar med tilhøyrande utfylling i vatn og bygging av betongfundament for feste av rampen. Bergen og Omland Friluftsråd (BOF) skal stå for anskaffing av sjølve rampen. Radøy kommune har i dag ikkje ingen badeplass som er universelt utforma. Dette er derfor eit viktig tiltak for å gjere badeplassen tilgjengeleg for alle. Universelt utforma badeplass ved Nesvatnet er vedteke av kommunestyret.

Radøy kommune engasjerte ei landskapsarkitekt for å finne ei optimal løysing for badeplassen, og de har utarbeida skisser av korleis det er ønska at området skal bli.

### 2. Utgreiing/beskriving av universell utforming

Etablering av baderampen er for å gjere badeplassen universelt utforma.

#### Tilkomst til badeplassen:

Tilkomst vil vere frå den universelt utforma turvegen som er bygget i området. I tillegg er det handikap parkering i knytt til fritidsområdet ved Nesvatnet.

### 3. Utgreiing/beskriving av arkitektur, estetikk og miljøforhold

Tiltaka vil ikkje medføre store terrengingrep. Det vil verte utfylling i vatn og bygging av betongfundament for feste av rampen, sjå vedlagt teikning og funksjonsbeskriving for detaljar angående dette. Radøy kommune vurderer også å oppruste badeplassen. Dette er lagt inn som opsjon i tilbodskonkurransen som gjeld universell badeplass. Opprustinga av badeplassen omfattar tilrettelegging for opphold /solbading i skråninga mellom gras-sletta/sandvolleyballbanen og våtmarksområdet nedanfor. Dette er vist på vedlagt teikning.

### 4. Plass i kommunal plan

Etablering av universell utforma badeplass er nemnt i Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og nærmiljø 2016-2026 og nemnt i langtidsprogrammet for 2016-2019 (ikkje prioritert).

### 5. Kostnadsoverslag

Tiltak	Pris overslag inkl. mva.
Tilrettelegging og fundament baderampe	Kr 200 000,-
Baderampe	Kr 50 000,-
<b>Sum kostnadar. Grov kalkyle inkl. mva.</b>	<b>Kr 250 000,-</b>

### 6. Finansiering

Kommunen forskoterer kostnadar sjølv til utfylling og bygging av betongfundament til baderampe. BOF står for kostnad av baderampe.

Sum kostnadar	Kr 250 000,-
Bergen og Omland Friluftsråd	Kr. 50 000,-
Spelemidler	Kr 67 000,-
Eigenkapital	Kr 133 000,-

Radøy kommune finansierer drifta av området ved Nesvatnet og har egne vaktmeistre som har ansvar for drift og vedlikehald av området. Avdelinga for reinhald i kommunen har ansvaret for vasking av toalett i området. På sikt er det mogleg at Bergen og Omland Friluftsråd vert involvert i drifta av området.

Med helsing

Ingrid Didriksen  
Prosjektleder

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

21.03.2019\_Snitt\_Nesvatnet bade plass

21.03.2019\_Landskapsplan\_Nesvatnet bade plass

21.03.2019\_Situasjonsplan\_Nesvatnet bade plass

21.03.2019\_Tegningsliste Nesvatnet bade plass

21.03.2019\_Konkurransegrunnlag\_Bade plass Nesvatnet\_Funksjonsbeskrivelse LARK

**Kopi til:**

Stian Marøy

**Mottakarar:**

Kultur- og sørvistorget